


NR. 7

OKTOBER 1987

20. ÅRG.

## VIKTIG LØFT FOR ARNA



Soknerådet i Arna

"DØR-TIL-DØR-AKSJON"

16., 17. og 18. nov. 1987

Det er no berre ein ting som held Kyrkjelydshuset tilbake i Arna: pengar å byggja for. Det er ikkje det minst viktige, og ein kjem ikkje utanom

*Framhald side 14*


### AV INNHALDET:

Kyrkjemusikk i Arna	s. 4
Nye tilsette i dagheimen	s. 5
Kyrkjegarden	s. 6
Nytt frå kyrkjelydane	s. 8
50-års konfirmantar	s. 11
Utviding av	
Ytre Arna bedehus	s. 13

**MEIR OM KYRKJELYDSHUSET** Side 9 og 14

19. s.e. pinse: Markus 12. 28-34

## DU ER IKKE LANGT BORTE FRA GUDS RIKE!



Den skriftlærde som hadde stått og hørt på samtalen som Jesus hadde med sadduseerne, ble nok grepet av hvor myndig og klart Jesus setter saken i det rette lys. Så våger han seg selv frempå, men er seg ikke bevisst at her står jeg ansikt til ansikt med «sjelens hyrde og tilsynsman». Jesus får nemlig mannen til å gi sin fulle tilslutning til sitt svar til ham.

Det er desverre også mange i dag som Jesus ville fått det samme forstandige svar av som denne skriftlærde, men han måtte også si det samme til deg: «Du er ikke langt borte fra Guds rike».

Det Jesus i dag vil oss med Ordet er at han vil ha oss innenfor, ikke utenfor Guds rike. Ikke på tilskuerplassen. Det er farlig å vite det rette svar men ikkje gjøre etter det.

Vil du gi ham makt som er: «Veien, Sannheten og Livet», så har Guds ord sagt: «han som begynte den gode gjerning i deg, han vil også fullføre den inntil Jesus Kristi dag».

Gunnar Ballestad

## Gospelkveld

Lørdag den 31. oktober arrangerer ungdomsrådet gospelkveld i Arna kyrkje. Dei samarbeider med Ten Sing, og kvelden vert lagt inn i opplegget for ein del av konfirmantane.

Gospelmeldar er lagt opp spesielt med tanke på unge, men det går godt an å vere der for andre og.

## Haustattakkegudsteneste

Familiegudstenesta søndag den 18. oktober vert lagt opp som haustattakkegudsteneste. Også dette året er det Unneland 4H som har ansvaret for pynting av kyrkja. Vel møtt til generasjonsgudsteneste på søndag kl. 11.00.

## Tidlegare prestar tilbake i Arna

Gudsteneste ved Finn Halle Tvedt. Tidlegare sokneprest i Arna, Finn Halle Tvedt, medverkar ved gudstenesta i Arna kyrkje søndag 8. nov. Han er no pensjonist og busett på Filtjar. Vi ynskjer han velkomen denne søndagen, og mange vil kjenna han frå tida då han var her som prest fram til 1979.

Søndag 18. okt. kl. 18.00 innbyr Ytre Arna Indremisjon til song- og musikkkveld i Ytre Arna kyrkje. Møtet er komme i stand i samband med innsamlinga til utviding av bedehuset i Ytre Arna. Ingvard Fykse er no sokneprest i Lindås, og utanom hans tale, vil det verta song og musikkinnslag av Anne Hilde Garnes og Arve Reigstad og fleire.

## Haustattakkefest i Arna Kyrkjelyd


Søndag den 18. oktober vert det haustattakkefest i Arna bedehus. Det er Arna sokneråd som har denne festen som har vore åreiss i fleire år.

På festen vert det kåseri av Margit Boge. Arna kyrkjekor og Arna Tensing vert med. I tillegg vert det ymse andre programinnslag og naturlegvis også servering.

## JULEMESSE

Det er tid for å tenkje på julemesse att. Økonominemnda for kyrkjelyds- huset planlegg julemesse også dette året. Ho er fastsett til fredag den 20. og lørdag den 21. november. Det er økonominemnda saman med kyrkjeringane som står for julemessa og dei har bruk for andre som vil vere med å støtte dei i arbeidet.

Dersom nokon har ting dei vil gje til julemessa, vert det teke imot med takk. Ting til messa kan leverast på Kyrkjekontoret i Borgstova.



Arna  
Kyrkjelydsskule

## Kurs i skapande bibelarbeid

Torsdag 19. november innbyr Kyrkjelydsskulen til kurs i «Skapande Bibelarbeid».

Det er ein ny metode å arbeida med bibeltekstane på, og kurset er særleg tenkt for lærarar og andre som underviser om bibeltekstar.

Gunvor Lande har lansert denne arbeidsmåten i Noreg, og ho arbeider i IKO.

Etter å ha arbeidd med teksten ei tid, skal ein uttrykkja teksten eller tankane i skapande form t.d. i teikning, drama, lyd, bøn eller dikt.

Kurset vert på Garnes ungdomsskule frå kl. 17.30 og det er ope for alle interesserte.

## Samtalekveld i Ytre Arna

den siste samtalekvelden som Kyrkjelydsskulen har i Kyrkjelydshuset i Ytre Arna denne hausten, vert onsdag 28. oktober kl. 19.30 Både tidlegare og nye deltakarar er velkomne.

## Utlodning i Arna bedehus

Tirsdag 20. oktober kl. 18.00 blir det utlodning i Arna bedehus til inntekt for barne- og ungdomsarbeidet. Det blir barna selv, med ledelse av Marit Hauge, som står for både andakt og sang. I tillegg til åresalg og hovedtrekning, blir det også tombola, eget blomsterlotteri og kafeteria. Vi håper på fullt hus, sier små og store i

Barnerøster, yngstes og yngres.

# KYRKJEMUSIKK I ARNA KYRKJE

## KONSERT

25. oktober kl. 19.00 konsert  
Frelsesarméens frøste korps Bergen.  
Dir. John Brakstad.  
Frelsesarméens ungdomskor  
Dir. Arne Ammaland  
Asbjørn Flåm, orgel

## ALLEHELGENSMESSE

1. november kl. 11.00 (Høgmessetid)  
Kyrkjekoret framfører Egil Hov-  
lands «allhelgensmesse» for kor, blå-  
sergruppe, orgel og menighet. Denne  
gudsteneste fylgjer same opplegg  
som fjorårets allhelgens gudsteneste.

## LOVSONGSKVELD/KONSERT

15. november kl. 19.00 Lovsongs-  
kveld/konsert med det ny oppstarta  
koret i Arna (Sjå omtale av koret)

# NYTT KOR

Denne hausten starta det opp eit  
nytt kor i Arna for aldersgruppa 20-50  
år.

Koret har ikkje fått noko namn, men  
vil inntil vidare bli kalla for  
«Prosjekt-kor».

Koret holder til i Arna kyrkje og  
øver ein laurdag i månaden (kl. 15.00-  
18.00)

Dirigent er organist Asbjørn Flåm.  
For å bli med krevs det elementær  
notekunnskaper, og at man evt. også  
kan spele eit instrument.

Innøving av kor-verka skjer på eiga  
hand og reportoaret spenner frå Bach  
til Swingel Singers.

Første opptreden har koret i Arna  
kyrkje søndag 15. november kl. 19.00.

Koret teller pr. idag 25 medlemmer  
og interesserte som ynskjer å bli med,  
tar kontakt med Asbjørn Flåm tlf.  
24 02 15 (arbeid) 13 24 69 (privat).

## Arnagut mellom dei nye teologi- studentane ved Misjonshøgskolen i Stavanger



De nye teologi-studentene i startgrupa. De er fra venstre: Geir Øy, Bergen krets, Gunn Kongsvik, Tromsø krets, Eldbjørg Sola, Stavanger krets, Olav Sollid, Trøndelag krets, Arild Nyvoll, Stav. krets, Ole Wollert Meyer, Skien krets, Øystein Gunnarsen, Kristiansand krets, Dag Kjetil Paulsen, Stavanger krets, Jan Ove Tvedt, Stavanger krets, Jørgen Kristian Knudsen, Stavanger krets, John Martin Bore, Stavanger krets.


## Nye tilsette i Arna kyrkjelyd sin dagheim



Ingrid Liv Henriksen Fau-  
ske, Førskulelærer.



Vigdis Moltu,  
Førskulelærer/avd. leiar.



Laila Karin Romslo Salt-  
skår, Førskulelærer/avd.  
leiar.



Heidi Lind Gjeseth, Prak-  
tikant.



Liv Rivenes, Praktikant.



Marit Saurås, Assistent.

## Fest på kjerka

Ytre Arna sjømannsmisjonsfore-  
ning innbyr til samling i Kyrkjelyds-  
huset søndag 25.10 kl. 17.00. Det vert  
innslag frå sjømannsmisjonen sitt ar-  
beid og eit allsidig program. Som van-  
leg vert det høve til å gje ei julehel-  
sing til sjøfolk. Alle er velkomne til å  
vera med, og vi vonar og at mange vil  
koma for på denne måten å verta  
kjende med Sjømannsmisjonen sitt  
arbeid.

## Dør til Kyrkjelydshuset

For eitt år sidan skreiv kyrkjelyds-  
bladet om at vi trong ny dør til kyrkje-  
lydshuset i Ytre Arna og la inn ein  
postgiroblankett til innbetaling av gå-  
ver til dette. No er døra komen på  
plass og i innsamlinga kom det inn det  
mesta av det døra kosta.

Nyleg kom det og ei anonym gåve til  
Kyrkjelydshuset på kr. 500, og Ytre  
Arna sokneråd takkar for dette.


## Deling av domprostiet

Bergen domprosti omfemner no alle  
kyrkjelydane i Bergen kommune. I  
lengre tid har det vore arbeid med å  
dela prostiet i mindre einingar. I dag  
er dette det største prostiet i Norden.  
Etter framlegg frå Prostrådet vert  
det arbeid for å dela det i 4. Dette  
har no vore til uttale på soknemøte i  
kyrkjelydane, og Ytre Arna kyrkjelyd  
gjorde vedtak 20.9 om å gå inn for det-  
te framlegget. Kyrkjelydane i Arna  
vil då koma saman med Åsane, Sal-  
hus og Eidsvåg, og soknemøtet mein-  
te Arna og Åsane prosti burde vera  
namnet på det nye prostiet. Arna so-  
kneråd har innkalla til soknemøte  
11.10 om denne saka.

## DUGNAD

Laurdag 31. oktober har soknerådet  
fastsett dugnad på Kyrkjelydshuset i  
Ytre Arna kl. 09.00. Det er arbeid å  
gjera både ute og inne, og soknerådet  
vil gjerne ha fleire med.

# KYRKJEGARDEN



Eit par små artiklar med råd og tips frå Landslaget for kirkegårdskultur.

## Val av plantar på grava

Dei fleste graveigarar plantar på grava kvart år, og det er påfallande mange som vel plantar med raude blomar. Dei vanlegaste sommarblomane på kyrkjegarden er knollbegonia, hagebegonia og petunia, og dei har oftast raude blomefargar.

Skal tru om det kunne bli noko meir variasjon? Kanskje kunne vi nytte planter med gule, kvite og blå fargar noko meir.

Kombinasjonen av gul eller orange og blå eller fiolett er oftast vellukka, og det same med kvitt og blått.

Som døme kan ein nemne blåkorg (blå) og sprikefløyelsblom (gul) eller hagelobelia (blå) og dvergkrage (gul).

Krysantemum av fleire slag er og særskild brukande, åleine eller saman med andre. Margeritt (kvit) og puslingkrage (kvit) kan ein nemne som døme.

Ved sidan av eller som alternativ til sommarblomar kan ein og plante stauder eller roser. Særleg burde ein nytte stauder meir på kyrkjegarden. Dei har ikkje så intens bløming som sommarblomar, men med variert planting kan ein få ei stadig bløming likevel.

Har ein lyst til å plante buske eller tre på grava, vil det vere klokt å kontakte kyrkjegardspersonalet så ein

får vite kva for reglar som gjeld for slik planting.

Ein må alltid syte for å avpasse plantehøgda til gravminnet, slik at ein ikkje gøymer inskripsjonen.

## Kjøp av gravminne

Når ein av våre kjære skal gravleggjast, kjem spørsmålet om å skaffa eit gravminne. Dei fleste av oss opplever slikt berre ein sjeldan gong i livet, og til vanleg tenkjer vi ikkje så mykje på korleis kjøpet går føre seg. Eit par omstende bør ein vere merksam på.

Det er bra om ein ikkje forhastar seg og let seg overtala av aktive seljarar, slik at ein tek ei rask og lite gjennomtenkt avgjerd.

Forbrukarombodsmannen har elles sett forbod mot salsframstøt før etter 14 dagar etter gravferda. I nokre kyrkjegardsvedtekter er det fastsett ei grense for montering av gravminne på 6 månader etter gravferda.

Det er fint om ein kan velje eit gravminne som er med på å skape variasjon på gravfeltet, men ein må halda seg innanfor ramma av det som er fastsett i dei lokale kyrkjegardsvedtektene.

Ein bør merke seg at ein har høve til å nytta anna materiale enn stein, og at høgde, breidd, tjukkeleik, farge, overflatehandsaming og symbolbruk kan varierast samanlikna med det ein elles finn på gravfeltet.

Varierte gravminne gjev oftast gode gravfelt.

Paperback-bibel stor suksess:

## Tredobla Bibelsal

70.000 biblar er solgt hittil i år. Av desse er 35.000 av paperback-typen. Ei billeg-utgåve og frimodig storsatsing frå det norske Bibelselskap.

Aksjonen «Bibelen åpen for alle» er den hittil største informasjon- og holdningskampanje i kyrkjeleg samanheng. Ei Gallup-undersøking viser at over halvparten av dei spurde har lagt merke til den pågåande aksjonen. Undersøkinga viser og at berre 7% har eit negativt tilhøve til kristendommen.

— Vi har investert 6 mill. kr. sidan 1986. I denne aksjonen, og er svært godt nøgd med resultatene hittil, seier generalsekretær Ole Kr. Kvamme.

Målet med aksjonen har vore å fornye Bibel-bruken blant folk, få nye lesarar og auke gåvene til Bibelmisjon. Aksjonsformene har mellom anna vore annonse-kampanjer, bibelmaraton, stands på forbrukermesser, gatesal av billeg-Biblar og TV-programmet «Underveis» med kursopplegg.

Halvvegs i aksjonen er både Bibelselskapet og dei 45 kyrkjesamfunna og organisasjonane som deltar, optimistiske, dei har skaffa nye lesarar til Bibelen. Nytt studiemateriell er laga og skal få det norske folk til å bruke Bibelen.

Om nokon ikkje har fått kjøpt Paperback Bibelen, er den til sals i begge målformer på prestekontora i Arna for kr. 59.

## Tibetmisjonen inn i Tibet neste år

Når Den Norske Tibetmisjon feirar sitt 50 års jubileum neste år, kan organisasjonen for første gang ha ein misjonær i Tibet. I 1938 forsøkte Tibetmisjonen sine grunnleggjarar, David Westborg og Edin Alfsen, å komme inn i Tibet frå Kina. Men dei kom ikkje lenger enn til grensa, og til nå har ingen misjonærar kome inn i landet.

Noko betre jubileumsgåve enn ein misjonær i Tibet, kan vi ikkje få. I snart femti år har vi venta på dette, seier generalsekretær Einar Kippenes til Kristelig Pressekontor.

Kippenes fortel at Tibetanarane sjølv heldt landet stengt i mange år før Kina overtok styringa. Fyrst dei siste åra er Tibet opna, og no har Tibetmisjonen sitt landsstyre ansatt den fyrste misjonæren med tanke på innreise i landet. Det er 32 år gamle Reidun Haugen frå Jondal i Hardang er.

Tibetmisjonen har sidan starten hatt sine misjonærar i nabolandet Nepal. På grunn av dei spesielle politiske og religiøse tilhøva i landet, arbeidet Tibetmisjonen sine misjonærar som yrkesmisjonærar.

## Ny melodibok i haust

Melodiboken til den nye Sangboken er venta ferdig i løpet av hausten. Den nye boka vil bli på over 1000 sider og i A-4 format.

Ein av medlemmene i komiteen, Harald Myklebust, fortel at den nye melodiboka har noter til alle dei 924 songane i Sangboka, og ikkje berre henvisning til eit anna nummer dersom to songar har lik melodi. Ein annan skilnad frå den gamle boka er at alle versa i songane blir trykt.



## NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



### Døypte

#### Arna sokn:

- 02.08: Turid Margrethe Romslo Engen, døypt i Fridalen krk.  
29.08: Martin Brandsdal.  
30.08: Stian Simonsen, Iselinn Vines, Hildegunn Vikør Ekanger, Linda Therese Mjelde, Camilla Søylen, Charlotte Søylen, Tine Persson.  
30.08: Ørjan Fosså, døypt i Storetveit krk.  
30.08: Kathrine Agledal Rauboti, døypt i Ålvik krk.

#### Ytre Arna sokn:

- 02.09: Therese Jørgensen, døypt i Bergen.  
06.09: Camilla Aune Tennebekk, døypt i Haus krk.  
13.09: Arild Hartveit, Christine Uhe, Ingrid Tunestveit Knutsen.  
27.09: Gry Terese Leistad, døypt Trengereid kapell.  
27.09: Janniche Lill Larsen, Gert Vegard Haugland, Jørgen Hemre.



### Vigde

#### Arna sokn:

- 29.08: Alfred Unneland og Mette Kjesæth, vigde i Alversund kyrkje.

## Ofringane i kyrkjelydane

#### Arna kyrkje:

- |        |                                    |         |
|--------|------------------------------------|---------|
| 30.08: | Hjemmenes Dåpsring                 | 1.679,- |
| 06.09: | Kyrkjelydsarb.                     | 1.425,- |
| 13.09: | Kristen Idrettskontakt             | 1.857,- |
| 13.09: | Kyrkjelydsarb.                     | 907,-   |
| 20.09: | Kristent arbeid blant innvandrerne | 1.555,- |
| 27.09: | Bergen Søndagsskolekrets           | 3.500,- |

#### Ytre Arna kyrkje:

- |        |                          |           |
|--------|--------------------------|-----------|
| 06.09: | Institutt for sjelesorg  | kr. 681,- |
| 13.09: | Kyrkjelydsarbeidet       | 1.292,-   |
| 20.09: | Sjømannsmisjonen         | kr. 951,- |
| 27.09: | Bergen Søndagsskulekrets | 1.354,-   |

- |        |   |
|--------|---|
| 05.09: | Lars Peter Taule og Eva Katrine Ritland |
| 05.09: | Ove Mellingen og Linda Nyhammer.        |
| 12.09: | Eugen Leknesund og Randi Halsøy.        |
| 26.09: | Gunnar Gundersen og Solfrid Kvamme.     |

## † Døde

#### Arna sokn:

- 24.08: Gustav Ballestad f. 1890.  
02.09: Anders Martin Seim f. 1903.  
09.09: Arthur Øjord f. 1923.  
13.09: Sverre Myklebust f. 1915.  
19.09: Ole Gunnvald Torsvik f. 1914.  
20.09: Jon Solberg f. 1903.  
22.09: Johannes Tveiterås f. 1915.

#### Ytre Arna sokn:

- 03.09: Arthur Pedersen f. 1913.  
11.09: Arnfinn Rolland f. 1918.

## Kyrkjeskys

Då kyrkjeskysen frå Hauke-land/Espeland kyrkje på søndag formiddag fungerer dårleg, vil Diakonutvalget prøva å klargjera den litt betre.

#### Desse køyrer:

- |           |                        |          |
|-----------|------------------------|----------|
| 25. okt.: | Ingrid Hope, tlf       | 24 08 08 |
| 1. nov.:  | Harald Røsland, tlf    | 24 08 70 |
| 8. nov.:  | Konrad Borge, tlf.     | 24 00 31 |
| 15. nov.: | Sverre Myklebust, tlf. | 24 29 05 |
| 22. nov.: | Svein Mjelde, tlf.     | 24 28 71 |
| 29. nov.: | Ingrid Hope, tlf       | 24 08 08 |
| 6. des.:  | Harald Røsland, tlf.   | 24 08 70 |



## Dåpssøndagar

Det vert høve til dåp i kyrkjene desse søndagane:

- Arna: 8.11, 22.11, 29.11, 13.12, 25.12, 27.12,  
Ytre Arna: 1.11, 8.11, 15.11, 29.11, 6.12, 13.12, 25.12.

Ved dåp i Arna kyrkje bør ein ta kontakt med prestekontoret i god tid, då det ikkje alle søndagar er plass for alle som spør.

## Presten har ordet

Harald Sundsbø



## Utfordringa i haust

Mange gode saker vil kunna fortjena omtalen. Ofte kan det vera vanskeleg å prioritera mellom gode tiltak som fortener støtte. Når eg her likevel vil trekkja fram ein ting, er det fordi det gjeld lokale tilhøve og har ein særleg aktualitet i tida som kjem. Det gjeld Kyrkjelydshuset i Arna.

Då Arna kyrkje vart bygd for meir enn 120 år sidan, var det ingen som hadde høyrte ordet arbeidskyrkje. Det var korkje tale om bedehus eller forsamlingshus av andre slag den gongen. Men kyrkjebygg såg dei som viktig, og vi fekk difor ei fin kyrkje også.

Men mykje har endra seg sidan den tid. Når det vert bygd kyrkjer i dag, er lokale for kyrkjelydsarbeid for born, ungdom og vaksne i alle aldrar, ein sjølvstøtt del av kyrkjebygget. I Bergen er det ikkje bygd ei kyrkje på lange tider utan at dette er kome med.

Arna kyrkje skal vi vera glade og takksame for, men skal kyrkjelyden få eigna lokale til andre delar av kyrkjelydsarbeidet enn gudstenester og konsertar må Kyrkjelyden sjølv gjera noko for det.

I Kyrkjelyden er det eit godt samarbeid med bedehusa, og når lokala der er ledige, har vi møtt stor velvilje til å få plass der. Men også der vert lokala flittig brukt til eige arbeid, og når vi vil laga til noko for konfirmantane t.d. er det slett ikkje sikkert at vi finn nokon plass å vera.

Kyrkjelyden har og vakse seg stor sidan 1864, og utfordringar vi står med i dag, er heilt annleis enn dei som var den gongen.

No kan i alle høve kyrkjelyden gjera noko for å få dette til. Alt ligg til rette for å setja i gang, om mange nok vil vera med og dra lasset. Utfordringa kan verka stor, og det er eit skikkeleg løft kyrkjelyden må ta. Men det har vel og vist seg mange gonger at å møta utfordringar kan vera godt. Det kan styrkja fellesskapet og gje kveik i arbeidet.

Men då er det viktig at mange vert med. At ikkje ei lita gruppe må dra lasset åleine, men at mange gjer bora lettare for alle. På den måten er ein med på å leggja til rette for kyrkjelydsarbeidet no og i tida som kjem. Difor, ver med du og. Her er bruk for alle, både med midlar og arbeidsinnsats når så langt kjem.

## Ein av fem går på søndagsskule

18.3 prosent, eller kvart femte barn i Noreg mellom 4-14 år går på søndagsskule. Dette syner ein statistikk for 1986 frå styret i Norsk Søndagsskoleråd. Frå 1983 til 1985 gjekk oppslutninga ned med tre prosent fra 21.7 til 18.7. Denne nedgangen ser no ut til å ha flata seg ut, og innan Frelsesarmeen blir det registrert ei auke i talet på søndagsskulebarn i fjor. Dessutan auka talet på søndagsskular innan Norsk Søndagsskoleunion med 34 einingar frå 1985 til 1986.

Statistikken for 1986 byggjer på tall frå søndagsskular og kvardagsgrupper innan Norsk Søndagsskoleunion, Norsk Søndagsskoleforbund, Den Evangelisk Lutherske frikirke og Frelsesarmeen. Totalt er det 4040 søndagsskular og kvardagsgrupper med 113.572 barn. Størst er Norsk Søndagsskoleforbund (søndagsskular innan Den norske kyrkja) med 80.000 barn og 2880 søndagsskular og kvardagsgrupper. Deretter kjem Norsk Søndagsskoleunion (frikirkelige søndagsskular) med 25.372 barn og 968 einingar. Frikirken og Frelsesarmeen har henholdsvis 97 og 95 einingar og 2522 og 5678 barn.



## MØTER

### Betania, Lone

- 22.10: Basar v/NMS
- 25.10: Møte v/NLM
- 31.10: Ungdomskveld
- 01.11: Møte v/Indremisjonen
- 03.-
- 08.11: Offerveke v/NLM
- 07.11: Laurdagssamling kl. 16.00
- 12.11: Nattverdsmøte
- 15.11: Møte v/BUF
- 22.11: Møte v/Indremisjonen
- 26.11: Møte v/Indremisjonen
- 28.11: Ungdomskveld
- 29.11: Møte v/NLM
- 01.-
- 06.12: Y-ungd.-veke

### Arna bedehus

- 20.10: Utlodning for Y.A
- 22.10: Bibelkurs
- 25.10: Møte v/K. Søndstabe
- 29.10: Bibelkurs
- 01.11: Møte v/Sjømannsmisjonen
- 05.11: Eldretreff
- 08.11: Søndagsmøte
- 10.-
- 15.11: Møteveke  
v/Misjonsbandet
- 19.11: Nattverdsmøte
- 20.-
- 21.11: Basar/messe for  
Kyrkjelydshuset
- 22.11: Møte v/A. Hetlebakke
- 24.-
- 29.11: Møteveke v/Johannes Blom
- 3.12: Eldretreff

### Ytre Arna bedehus

- 21.11: Julemesse
- 01.-
- 06.12: Møteveke v/Indremisjonen.  
Talar Rune Singelstad

### Haugland bedehus

- 20.10: Bedehusbasar
- 21.-
- 29.11: Møteveke v/Indremisjonen.  
Talar Nils Bognøy.

## Vi presenterar: Espeland Santalforening

Espeland Santalforening, som vart starta i 1970 av Aud Hindenes, er ei misjonsforening der ca. 10-12 jenter i alderen 25-50 år samlast annankvar onsdag til møte.

Misjonsforeninga betyr for oss bl.a. godt og nært åndeleg fellesskap, interessant misjonsinformasjon som er med og skaper misjonsglød, glede over godt vennskap, gjerne eit strik-keuoy og ein kopp kaffi.

Sist vår las vi og snakka saman om søndagens tekst, elles les vi bøker frå misjonsmarka. Tidlegare har vi gått gjennom studiehefter om Bangladesh, Ecuador og Bhutan.

Vi har hatt kontaktar med misjonærane Kirsten og Ottar Hope i Bangladesh og gjennom brev frå dei fått del i små og store hendingar på ein misjonsstasjon.

Vi har også hatt besøk av misjonærar på heimeopphald og områdesekretær knytta til Bergen Krets.

Foreninga vår har ingen basar slik det ofte er vanleg i misjonsforeningar. Men vi får vera med å gje av pengar til misjonen på kvart møte. Ein gong for året har vi kakeutlodning til inntekt for Gå Ut Senteret i Hurdal.

Elles er vi med og hjelper til når det er arrangement i sentrum eller på leirstaden vår, Sotraheimen. Der samlast vi også saman med alle foreningane i Stor-Bergen til foreningstreff kvar haust. To gonger for året har foreninga vår møte i Betania bedehus på Lone. Vi var også med på barnas Misjonsdag i Arna kyrkje i vår.

Kretskontoret i Bergen arrangerer utlodning kvar haust, og vi deltek med loddsalg. Likeeins støttar vi opp om julemessa.

Som avslutning på arbeidsåret har vi grillefest/blåtur der heile familien deltek. Dersom du no får lyst å vera med, kan du kontakta formannen vår, Sissel Minde. tlf. 24 28 34.

Det er ein rikdom å vera med i ei misjonsforening.


## 50 ÅRS KONFIRMANTANE I KYRKJENE



Ytre Arna kyrkje:

Bak frå venstre: Harald Sundsbø, Magnus Monsen, Odd Johan Hansen, Malvin Kåre Hansen.

1. rekkje: Ruth Løtveit, Britt Skulstad, Anna Riise, Edith Karlsen, Margreta Skulstad, Johannes Nævdal.



Arna kyrkje:

Framme frå venstre: Kari Minde (f. Dahl), Helga Hjetland (f. Garnes), Hilda Opheim (f. Wæhle), Anny Stenmo (f. Takvam), Margot Årviknes Villanger (f. Årviknes), Selma Melo (f. Dvergsdal) og Oddny Angeltvedt (f. Skulstad).

Bak frå venstre: Odd Lohne, Alf Unneland, John Sundland, Audun Unneland, Randolph Strømme, Bjarne Hauge, Elias Eliassen og sokneprest Øy. Ein av deltakarane kom frå Amerika for å vera med på samlinga.

## Utviding av Ytre Arna Bedehus

Ytre Arna Indremisjon er i full gang med å utvida bedehuset. Det gjeld eit tilbygg på ca. 30 kvadratmeter som kjem på baksida av huset. Og det kan både nyttast som foreningsrom og som tillegg til møtesalen.

Utvidinga er kostnadsrekna til kr. 65.000 men då er alt arbeid utanom elektrisk installasjon halde utanom. Det andre skal gjerast på dugnad, og dei ansvarlege for arbeidet reknar med å ha tett hus over tilbygget alt i haust.

## Julemesse i Bedehuset i Ytre Arna

Lørdag 21. november kl. 11.00 vert dørene åpna for julemesse! Forutan salg av hånðarbeid og god heimebakst, vil det bli åresalg med hovedtrekning kl. 14.00.

Sigrun Blindheim demonstrerer korleis ein kan laga juledekorasjonar, og der vil bli fiskedam for born m.m. Gode tips til julepresangar?

## Konfirmanttida på leir



Ein konfirmantklasse var 5 dagar på leir på Wallemtnet på Kvamskoen i haustferien 8.-12.10.

Dei har det meste av konfirmantundervisninga samla på 2 leirar, og med som leiarar var kateket Erik Rodal og res.kap. Harald Sundsbø saman med Sonja Myhr, Endre Ljones, Jeanette Garnes og Anita Vareberg.

## TAKK FOR MULDYRA



*Konfirmantane i Ytre Arna hadde i vår innsamlingsaksjon for å kjøpa 2 muldyr til Kangpara i Bhutan. Muldyra skal brukast til å frakta mat og medisinar til ein helsestasjon som santalmisjonen driv i dette fjellandet. Ved innsamlinga kom det inn kr. 5.400,- og frå misjonær Grethe Raddum har vi no motteke dette takkebrevet.*

Det er ikke hver dag at norske ungdommer satser for å kjøpe muldyr, og det ikke engang til eget bruk, men til et miniland i øst-Himalaya. Og til et enda mindre sted i dette minilandet Bhutan.

Her i Kangpara bor i overkant av 3000 mennesker og de er godt spredt. En dagsmarsj i 3 ulike retningar for å finne folk heime. Og her av alle steder startet Santalmisjonen arbeid i sin tid, fordi en guttunge kom til sjukehuset ved bilvegen og spurte om de ikke kunne komme. For det var så veldig mange som var leprøse (spedalske) i Kangpara. Ikke halvparten av alle som bodde der riktignok, men mange. Nesten 10% av befolkningen, fant vi ut siden. Og dengang døde folk av lepra. Nå har Santalmisjonen holdt til i dalen i 13 år og folk har ikke samme forhold til lepra som før. De vet at det finnes behandling og de vet også at den får de ved helsestasjonen midt i dalen.

Mange har fått behandling og ved hjelpa a nye medisiner håper vi å se slutten på lepraen i Kanpara. Bare 12 tar medisiner nå, og de øvrige undersøker vi en gang i året for å se om de er skikkelig kurert. Det skal vi fortsette med i 10 år.

Men det var muldyra da. Hva har de med leprøse bhutanesere å gjøre. Jo, Kanpara ligger like langt fra bilveg nå som da arbeidet startet her inne, og selv om dalen er bortimot selvberget på mais og ris, så er det lite eller ingenting til salgs. Så vi som bor her må hente matvarer fra en dags gange unna. Og da trenger vi hester, eller muldyr. Medisiner, utstyr, alt vi kan, legger vi i kløv på muldyra og fram kommer sakene våre.

Siden 1979 har også en nordmann vært bodsatt her inne, en kvinnelig misjonær. Og selv om Bhutan ikke vil at Jesu navn skal forkynnes for folket, ser de gjerne at misjonærene arbeider i landet.

Og vi arbeider og ber om åpenhet og har anledning til å samtale med enkelte personer om Jesus. Men her samles ikke folk i kirker eller til møter på bedehuset. Noen svært få har ikke bare tatt imot medisinsk hjelp, men også oppdaget at Jesus er en levende frelser som bryr seg om dem. Og sammen vil vi be og arbeide videre.

Takk for muldyra!

Hilsen fra Grethe Raddum

## Framhald frå s. 1

at eigenkapitalen må vera større dersom ein skal kunna gå i gang med prosjektet. I fleire år har innsamlinga gått sin gang parallelt med utarbeiding av planar og søknad om byggjeløyve. No er ein komen så langt at byggjeløyve er innhenta, tilbod på byggjearbeidet ligg på bordet, og hadde pengane også vore der, ville arbeidet ha kunna vore i gang.

Eigenkapitalen er no på vel ein million kroner, men skal det vera svarleg å setja i gang, bør det koma opp mot 2. mill.

### Eit felles løft

Eit så stort prosjekt må mange vera saman om for å kunna realisera. Om mange vert med, vert det og mindre på kvar. Ikkje så få har alt no teikna personlege lån i Vestlandsbanken på 10.000 kr. og gjeve det til huset, men økonomikomiteen legg til rette for ulike måtar å samla inn midlar på.

I november vil dei ha ein bøsseaksjon i heile Kyrkjelyden der alle vert utfordra til å vera med på dette.

### Eldresenter?

Når lokala er ferdige, er det mange som står klar til å ta dei i bruk. Det synest langt fram enno, men soknerådet legg opp til at det skal koma til nytte for mange grupper innan kyrkjelyden. På eit møte nyleg tok dei initiativ til å drøfta med andre organisa-

sjonar i Arna om det kan startast eit eldresenter på dagtid.

Men aktivitetar både for born, ungdom og vaksne i alle aldrar vil det gje plass til. I tillegg vil kyrkjegardsarbeidarane få lokale i bygget. Det vart sett som vilkår frå kommunen si side for å byggja huset, og dei har i dag dispensasjon frå Arbeidstilsynet med dei lokala dei no har.

### Informasjonsavis

I mindre porsjonar har vi skrive litt om prosjektet i kyrkjelydsbladet. Ei trykksak vil gå ut til alle husstandane i Arna kyrkjelyd i november med nærare presentasjon av planane for Kyrkjelydshuset. Då vil og folk vita meir om dette når det vert banka på dørane og bede om ei gåve under innsamlingsaksjonen. Ei gruppe er no i arbeid med denne trykksaka.

### Økonomi avgjer byggjestart.


Det er fleire måtar å realisera huset på, og ein har og tenkt seg å la det gå i etappar, ved at delar av huset vert ferdig medan andre delar må venta. Det vil vera lite tenleg å reisa eit hus som gjev driftsutgifter før ein kan ta noko i bruk, og difor kan det ikkje gjerast noko før eigenkapitalen vert større. Etter vedtaket på soknemøte, vil det og leggast fram finansieringsplan og framdriftsplan for huset på soknemøte, der alle i kyrkjelyden kan uttala seg.

Difor har innsamlingsarbeidet høgste prioritet akkurat no.

## BLOMSTER

til enhver anledning!  
Ring vår blomstertlf.

24 25 95



5260 Indre Arna

## I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

## Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

## Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossst. 11, tlf. 32 55 50

Alltid til tjeneste

## Kranser Bårebuketter Espeland Gartneri

5230 ESPELAND, TLF. (05) 24 08 09

ARTHUR HOPE

Banken i Arna frå 1866

**SPAREBANKEN**  
**VEST**  
AVDELING ARNA

– til bygdefolket sitt beste

Skal det vera TV – Elektrisk – Belysning.

Hugs at vi har lavaste pris,  
og det De kjøper her  
kan De få reparert her.

## ARNA ELKJØP A/S

Arnatveit – telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største  
kjede av elektriske forretninger  
EL-KJØP

## FOKUS Bank

Banken i Arna – for Arnafolk,  
der alle kundar, store og små,  
er hjarteleg velkomne.

FOKUS BANK  
avd. Arna

## ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelse og bisettelse ordnes.  
Transport med egen bil.  
Annonser, sanger, sløyfer.  
Monumenter besørjes oppsatt.

## DU KAN LEIE HENGERE HOS OSS!

Vi har hengere for  
Bil – Båt og  
varetransport



## ARNATVEIT AUTO SENTER

TLF. 24 07 40

Utlevering også fra Blomsterdalen  
ved J.B. Myklestad.



# Velkommen til kyrkje

- Okt.18.** Arna kl. 11.00 Fam.gudst. v/res.kap. Sundsbø. Hausttakkefest. Takkoffer til Arna kyrkjelyd sin barnehage.  
Ytre Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Takkoffer til Den indre sjømannsmisjon.  
Ytre Arna kl. 18.00. Song- og musikk-kveld.  
Trengeid kl. 11.00. Prost Konrad Stormark. Nattverd. Takkoffer til Norsk Lærarakademi.
- Okt. 25.** Arna kl. 11.00. Akademilektor Helge Mæhlum. Nattverd. Takkoffer til Norsk Lærarakademi. Sundagsskule. Kyrkjekaffi.  
Arna kl. 19.00. Konsert. Frelsesarmeens 1. korps.
- Nov. 01.** Arna kl. 11.00 Sokneprest Øy, Nattverd. Takkoffer til Takvam kapell. Sundagsskule.  
Ytre Arna kl. 11.00 Fam. gudst. v/res.kap. Sundsbø. Yngste Røster. Takkoffer til Menighetsfakultetet.
- Nov. 08.** Arna kl. 11.00 Sokneprest Finn Halle Tvedt. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Sundagsskule.  
Ytre Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Diakoniutvalet i Arna.
- Nov. 15.** Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Santalmisjonen. Sundagsskule.  
Arna kl. 19.00. Konsert.  
Ytre Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Nattverd.
- Nov. 22.** Arna kl. 11.00. Misjonsprest Nils Peder Kjetså. Takkoffer til Norges kristelige student- og skuleungdomslag. Sundagsskule. Kyrkjekaffi.  
Trengeid kl. 11.00. Sokneprest Øy. Takkoffer til Norges kristelige student- og skuleungdomslag.
- Nov. 29.** Arna kl. 11.00. Fam. gudst. v/sokneprest Øy. 1. klassingar er spesielt inviterte. Takkoffer til kyrkjelydshuset.  
Arna kl. 19.00 Lysmesse.  
Ytre Arna kl. 11.00 Fam. gudst. v/res.kap. Sundsbø. 1. klassingar er spesielt inviterte. Ytre Arna barnekor. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.
- Des. 06.** Arna kl. 11.00 Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til den indre sjømannsmisjon. Sundagsskule.  
Arna kl. 19.00 Julekonsert.  
Ytre Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Kristent arbeid blant blinde.  
Ytre Arna kl. 19.00 Lysmesse. res.kap. Sundsbø. Ytre Arna ungdomskor.

## ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30

Torsdag kl. 17.30 - 19.00.

Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jepsensv. 39: Tlf. 24 85 46.

Kontortid: tysdag kl. 17.00 - 18.00.

onsdag og fredag 10.00 - 11.30.

Kyrkjegardane i Arna. Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd. - fredag 10 - 11.

## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Ragnhild Rein.

Harald Sundsbø, Laila Ueland.

Forretningsfører: Bjørg Hellesø.

Bladpengar: kr. 30,-. adr: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

Frist for innlevering av stoff til nr. 8: 20. november.